

Læreplan for

Amigos og Trøkk

Dette er eit tilbod til vaksne med behov for spesielt tilrettelagde aktivitetar.

"Amigos" og "Trøkk" er band som har hovudvekt på rytmisk musikk, men dei framfører ulike sjangrar, gjerne med rørsle til. «Amigos» og Trøkk» er med i Dissimilis-organisasjonen, og elevene blir også meldt inn her om ikkje anna blir avtalt. Elevene blir plassert i gruppene i forhold til evner og behov.

Vi legg stor vekt på trivsel og mestring og undervisning tilrettelagt for den enkelte elev så langt det lar seg gjere.

Undervisninga er tufta på Dissimilis-stiftinga sine tankar om integrering, kulturarbeid og menneskeverd, og vi prøver å leve opp til Dissimilis sitt credo: Kvalitet – Nyskapande – Utfordrande – Mangfold.

1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleveling og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervising i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «*Mangfold og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: www.kulturskulen.kvinnherad.no

2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «*Mangfold og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneholder m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og i 3 ulike program: *breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram*. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventa at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

3. Alder

Vaksne.

4. Instrument/utstyr

Tilpassa den enkelte elev. Ein treng ikkje eige utstyr.

5. Organisering av undervisninga

Øving ein gong kvar veke på kulturskulesenteret Husnes.

6. Konsertar og samspele:

Vi opptrer ofte rundt om på ulike arrangement. Vi held og eigne konsertar.

7. Eigenøving

Ingen krav.

8. Mål for undervisninga på breddeprogram

Mål:

- oppleva ”dei magiske augneblinka”
- bli sett og høyrta
- oppleva glede ved samspele og musikalsk samarbeid innan trygge rammer
- oppleva meistring og personleg utvikling både musikalsk, sosialt og på instrumenta
- læra å meistra instrumenta som er tilpassa den einskilde
- læra og framføra arrangement både kjende og nye songar
- bli trygga i gruppa, våga å musisera åleine og saman med dei andre

Metode:

- Imitasjon
- Improvisasjon
- Gehørstrening
- Rytme- og pulsaktivitetar
- Lytting
- Song og spel på instrument
- Rørsleaktivitetar
- Notasjon med fargekodar i staden for notar
- Tid og rom til å pleia det sosiale aspektet